

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva	FA - C20	15/558

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
99/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Land of Solheim, Meland 2016

Vedlegg:

Land of Solheim- søknad Meland kommune

Land of Solheim- en reise gjennom Norge - søknad om kommunal medvirkning

Prosjekt Land of Solheim - reisen gjennom Norge. LET turner

Notat_Meland_Kommune_LET_2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn : Meland kommune har motteke søknad frå Norges Golf forbund om å vere medarrangør og bidragsytar til «Land of Solheim – en reise gjennom Norge» . Det er intensjonen til Norges Golf forbund å søkje om å få Solheim Cup til Noreg/Oslo i 2019. Fram til 2019 skal det kvart år frå 2016 til 2019 arrangerast Ladies European Tour (LET)-turneringar i fire delar av landet der Bergen/Meland er den første

Ladies European Tour (LET) er ei rekkje turneringar som fører fram til Solheim Cup som arrangerast annankvart år. Solheim Cup er ein turnering for kvinnelege profesjonelle golfspelarar med lag frå USA og Europa. Solheim Cup vart i si tid initiert av Karstein Solheim frå Austrheim. Han emigrerte til USA der han bygde opp Karstein Manufacturing som produserar golfutstyr. Han arbeidde hardt for at kvinner skulle få sin eigen turnering og Solheim Cup vart gjennomført i 1990 for første gong.

Vurdering: Det er eit stort prosjekt Norges Golf forbund har teikna opp med mange involverte partar. Solheim Cup får stor merksemd i golfverda og i sportsmedia, her i Noreg særleg av di Suzann Pettersen har vore og er med på det europeiske laget. Ein LET-turnering vil få stor merksemd og vil sette Meland på kartet på ein heilt unik måte. Slike turneringar trekkjer mange menneske til arrangementa og med nærleiken til Bergen er det sannsynleg at mange vil besøke Meland. Meland Golfklubb reknar med at dette og vil føre til betre promotering av golf som idrett og vere med på å rekruttere nye spelarar både lokalt og i omlandet. Sidan Solheim Cup er for kvinner vil golfklubbane i Hordaland bruke dette til å få opp talet på kvinner som spelar golf, det er eit uttalt mål for Norsk Golfklubb å auke denne delen av medlemmane frå 25% til 50%. I Hordaland er det 14 golfklubbar med 7923 aktive spelarar, av desse er 1926 kvinner. Meland Golfklubb har ca 1250 medlemmar av desse er ca 290 kvinner. Perioden fram til LET-turneringen vil Meland Golfklubb, golfklubbar i Hordaland og Norsk Golf forbund bruke til å intensivere fokus på golf som idrett for alle, folkehelseperspektivet og det sosiale fellesskapet som skapast ved deltaking.

Presentasjon av Meland som kommune og medarrangør for «Land of Solheim – en reise gjennom

Norge»: Solheim Cup vert overført på TV til mange land verda over, dette gjeld ikkje i like stor grad LET-turneringane, men andre tilsvarande arrangement viser at det vil vere med på å sette fokus på Meland og omlandet som turistdestinasjon og golfdestinasjon. Tenester som er knytt til store arrangement vil naturleg ha nytte av eit slikt arrangement. Turneringa vil gå over fem dagar, 160 golfspelalarar frå 42 land vil delta. Det er eit mål å få 4 – 5000 besøkjande i løpet av desse dagane.

Folkehelse: «Golf og helse i Hordaland» vil auka fokus på golf i ei helsefremjande samanheng gjennom samarbeid mellom klubb og kommune og gjere golf kjend som ein idrett/aktivitet som kan drivast av alle.

Miljø: Noko auka transport, men utanom dette vil det ikkje vere negative konsekvensar for miljøet.

Økonomi: Det er ikkje trong for investeringar i anlegg. Norges Golf forbund søker om totalt

kr. 300.000.-

kr.50.000 i støtte til finansiering av prosjektorganisasjonen og kr.250.000 til provisorier og arrangementer. Beløpa fordeler seg slik:

2015 kr. 25.000

2016 kr. 275.000

Tenesteområde kultur kan ikkje dekkje inn dette beløpet, til det er ramma arrangementstønad for liten. Dette er likevel ei viktig sak for Meland og ein unik anledning til å marknadsføre kommunen. Tiltaket bør difor prioriterast særskild med ein sum i budsjettet for 2016.

Konklusjon: Det er truleg at Meland kommune vil ha stor nytte av å vere medarrangør til «Land of Solheim – en reise gjennom Norge». Turneringa vil vere i vårt område i 2016, men fram til sjølve Solheim Cup er avvikla i 2019 vil kommunen vere ein del av det større arrangementet. Promotering av både idretten og Meland kommune som opplevelses destinasjon vil få eit betydeleg løft gjennom dette.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune støtter søknaden og vert med som medarrangør og bidragsytar til «Land of Solheim- en reise gjennom Norge». Det vert sett av midlar til arrangementet i budsjettet for 2016.

Formannskapet - 99/2015

FS - behandling:

Lars Barstad gjekk frå ved handsaming av hans habilitet.

Saka vart drøfta.

Avrøysting:

Formannskapet vedtok at Lars Barstad er inhabil mot 2 røyster (FrP, AP).

Deretter tok Ragnar Bratland sete.

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H, Ragnar Bratland, H, Sigmund Larsen, FrP, Marit Jøssang, KrF og Sølvi Knudsen, SP:

"Meland formannskap ser positivt på søknaden, og eventuelle midlar til arrangementet vert å vurdere i samband med budsjettet for 2016. Idrettsrådet skal høyrast i saka."

Avrøysting:

Framlegget frå Nils Marton Aadland, Ragnar Bratland, Sigmund Larsen, Marit Jøssang, og Sølvi Knudsen fekk 5 røyster for, (2H, FrP, KrF og SP), 2 røyster mot, (AP, SAM), og er såleis vedteke.

FS - vedtak:

"Meland formannskap ser positivt på søknaden, og eventuelle midlar til arrangementet vert å vurdere i samband med budsjettet for 2016. Idrettsrådet skal høyrast i saka."